

## Interpellasjon

Fylkestinget har gjennom handsaming av kollektivstrategi og regionaltransportplan gjort vedtak om å nå nye reisande som skal nytta kollektivreisemiddel. Det vert synt til målsetting i Kollektivstrategi for Hordaland og vedtak i samband med handsaming av Regional Transportplan i juni 2017.

### **Kollektivstrategi**

#### **Auke kunnskapen om rutetilbod for å nå nye reisande**

«I perioden vil ein også satse på å få fleire til å nytte kollektive reisemiddel til fritidsføremål».

### **Regional transportplan**

Under kapittel 6.3.4 Reiseliv og kollektivtransport, vedtak i fylkestinget juni 2017.

«Snøggbåten i Sunnhordland er eit reiselivstilbod med unytta potensiale. Snøggbåten i Sunnhordland må marknadsførast som eit reiselivsprodukt langs heile ruta, slik andre ruter er».

Fleire reiselivsaktørar ynskjer å tilby nye reiselivstilbod der ein nyttar eksisterande kollektive reisemiddel som ein del av ei pakke. I den samanheng vert det mellom anna synt til prosjektet «Kystopplevelser» som er støtta av fylkeskommunen, og samarbeidet dei har med Veteranskipslaget Fjordabåten. Dei har saman med reiselivslaga i Bergen og Sunnhordland tatt initiativ til å starta ei kombinert turistrute mellom Bergen og Sunnhordland der ein ynskjer å nytta ledig kapasitet på snøggbåtruter kombinert med reise på veteranbåt.

Det vert også synt til prosjektet «Travel like the locals» som er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og reiselivsaktørar der ein skal marknadsføra turistruter basert på eksisterande kollektivtilbod i ulike deler av fylket.

Nye løysingar for å nå fleire fritidsreisande og turistar krev god dialog mellom fylkeskommunen v/Skyss og reiselivsoperatørar. Det handlar om å tilby fleksible og tilgjengelege løysingar i høve til ruteopplysingar og høve til å samarbeida om gode pristilbod på denne type reiser.

- 1. Kva er status for samarbeidet i desse konkrete prosjekta?**
- 2. Korleis legg Skyss til rette for at ein skal nå målsettinga om å nytta kollektive reisemiddel i nye reiselivsprodukter?**
- 3. Korleis kan fylkeskommunen medverka til at ein får til gode samarbeidsløysingar med reiselivet og gode pakketilbod som kan medverka til at slike tilbod kan etablerast?**